

Høyringssvar til forslag til revidert kommuneplans arealdel 2024-2036 for Hol kommune

Dette høyringssvaret gjeld ein del av eigedomen vår, 56/1, i Havsdalslia, Geilo, som er avsett til fritidsbebyggelse i gjeldande kommuneplan (sjå vedlagt kartutsnitt 1), men som no i forslag til revidert kommuneplan er endra til LNF-område.

Dette området vårt i Havsdalslia ligg i småkupert terreng i bjørkeskogen og er ein del av eit større samanhengande område i Havsdalslia som er avsett til hytter, der bønder med støl på Havsdaalen eig kvar sin rem.

Det er difor ikkje snakk om eit nytt område som skal utbyggast.

Havsdaalen er eit gammalt og godt etablert hytteområde der støling, beiting og hytteutbygging fungerer godt saman med svært få konfliktar.

I Havsdalsområdet er det forutan stølar og hytter, to skitrekk med fleire nedfartsløyper, fleire tilrettelagte stigar (Stolpejakt) og oppkjørte skiløyper samt ein sterkt trafikkert sommarbilveg til Prestholt.

Det er altså ikkje snakk om urørt natur med lite trafikk, der villreinen vil finne det naturleg å ferdast.

Kommunen har tidlegare bygd ein bilveg gjennom det nemnte området vårt i samband med vassledning frå Budalen. Me har inngått ei avtale med kommunen om oppkjøring av ei mykje brukta skiløype langs denne vegen. Det går også ei høgspentline gjennom området. Hallingdal Kraftnett auka nyleg kapasiteten på straumforsyninga i heile Havsdalslia. Arealet ligg nær kommunalt vatn- og avløpssystem.

Det aktuelle området grensar i sør inntil 56/4 (Harald Hagen). Han fekk her godkjent ein reguleringsplan i 2019 med 72 nye hytter i tillegg til eksisterande hytter (utbygging ikkje igangsett enno).

I nord grensar området til resten av eigedomen vår i Havsdalslia som vart avsett til LNF-område ved revidering av dei forrige kommuneplanane. Dette området grensar vidare inn til Øvre Havsdaalen Sameige (fleire tusen mål utan bebyggelse).

I tre generasjonar, heilt sidan Bergensbanen kom, har turisme i form av hyttebygging, hytteutleige og eit forsiktig sal av tomter i Havsdalsområdet vore ei svært viktig attåtnæringer for garden vår Søre Aaker, og har gjort det mogleg å drive aktivt jordbruk med husdyrproduksjon. Det har i alle desse åra blitt lagt vekt på ei varsam utbygging tufta på langsiktig planlegging og forvaltning, slik at også generasjonar etter oss skal ha den same moglegheitene. Det har så langt difor ikkje blitt laga nokon reguleringsplan for dette området.

Om planstatusen for dette arealet blir endra til LNF-område, vil det vera eit svært stort tap for garden vår. Hyttetomtene har i alle år vore ein sikkerheit for gardsdrifta, ikkje minst etterkvert som jordbruk kastar mindre og mindre av seg.

Det er vanskeleg å forstå kvar logikken er når det på naboeigedomen er gitt løyve til bygging av 72 nye hytter, mens det i vårt tilgrensande område som er likt både når det

gjeld naturtype, topografi og beliggenheit, er forslag om byggjeforbud.
Forskjellsbehandlinga blir svært urettvis og tilfeldig.

Er ein redd for auka trafikk inn i sårbare naturområder, bør ein også stoppe planane om gondolbane ned frå Geilohovda til Havsdalen, stoppe planane om sykkelstigar ut frå Geilohovda og også slutte å køyre skiløyper gjennom området vårt og i sameiga, kort sagt redusere ferdselet drastisk i Havsdalsområdet.

Eg håpar kommunestyrrepresentantane tek på største alvor det store ansvaret dei har for korleis areala i kommunen skal forvaltast, slik at dei få aktive gardsbruksområder som er att i kommunen, ikkje mistar råderetten over store utmarksverdiar og gjer det endå mindre attraktivt for nye generasjonar å halde gardane i drift. For næringsdrivande må det vera forutsigbare rammevilkår, slik at me kan planlegge langsiktig.

Me ber difor primært om at området vårt i Havsdalslia beheld eksisterande planstatus i den reviderte kommuneplanen for 2024-2036.

Subsidiært kan me akseptere at arealet aust for bilvegen (skravert på kartutsnitt 2) blir avsett til LNF-område og at det øvrige arealet forblir eit område avsett til fritidsbebyggelse, slik det er i gjeldande kommuneplan.

Geilo, 24.mai 2024


Elisabeth Aaker

Elisabeth Aaker


Kai Jacobsen

Kai Jacobsen